

HAREID ROTARY KLUBB



ÅNEDSBREV OKTOBER 2003.

ÅRGANG 39

DISTRIKT 2280

Møtedag: Mandag kl 18.00 – 19.00

Møtested: Klubbhuset til
Hareid IL
6060 Hareid

President: Elisabet Sundgot

Visepres.: Ingar Bigset

Sekretær: Trygve Riise

Kasserer: Oddvar Haugen

Past pres.: John Stennes

Styremedlem: Arne Lillebø

Styremedlem: Arve R. Røyseth

Leiar ungdoms

utveksling: Sverre Bjåstad

Ansv. Red.: Jan-Håvard Nytun

Referent september: Odd Arne

Holstad

Fødselsdager i oktober:

Sigbjørn Haddal 03.10

Karl Johan Brandal 16.10

Trygve Riise 31.10

Arne Kvalsvik 21.10

100%frammøte i oktober:

Ingar Bigset, Halkjell Dahle, Odd Arne
Holstad, Arne Kvalsvik, Jan Rise, John
Stennes, Anders Riise, Elisabet
Sundgot, Håkon Brekke, Arne Holstad,
Otto Holstad, Jarle Klungsøyr, Trygve
Riise, Elias Sellevoll.

Der er en lykke i livet som ikke vendes til lede
Det er at du gleder en annen, det er den eneste
glede.

Der er en sorg i verden som ingen tårer kan lette.
Den er at det var for sent da du skjønnte dette.

Ingen kan resten av tiden stå ved en grav og
klage.

Døgnet har mange timer, året har mange dage.

Arnulf Øverland.

Mandag, 6/10 - Bedriftsbesøk, Aktiv Omsorg.

Dette første møte i oktober var vi på bedriftsbesøk hos Aktiv Omsorg i Saunesmarka. Dei to eigarane av bedrifta, Anders Rise og Sigbjørn Haddal tok imot oss med kaffi, og ferske wiener brød. Anders Rise orienterte så om bedrifta og fortalde innleiingsvis om det nye tidsmessige bygget med ei samla golvflate ca 160 m². Byggeler delt i ein garasjedel med garasje plass for to bilar og ein personaldel med opphaldsrom, to kontor, Wc/garderobe og to soverom.

Aktiv Omsorg driv ambulansetenesta i Hareid og etter 1/1-03 også i Ulstein kommune. Bedrifta fekk oppdraget etter ein anbodskonkurranse for ein periode på 5 år.

Bedrifta får betalt i form av faste tilskot og ikkje for antal turar slik det var før. Det har vore ei rivande utvikling sidan den fyrste ambulansen, ein Volvo Ekspress kom til Hareid i 1970. I dag har dei to ambulansane til verksemda m.a. avansert EKG-utstyr. Antal turar har auka frå 180 til 1000 på årsbasis. Oppdragsgjever er Helse Midt-Noreg/Helse Sunnmøre.

I tillegg til ambulanseskøytinga driv bedrifta også med kursverksemd sal av førstehjelpsutstyr som hjartestartarar og utleige av helsepersonell. Verksemda sysselset i dag 9,8 årsverk og den budsjetterte omsetninga er på ca 5 mill kroner. Bedrifta tek sikte på å vere eit supplement til den offentlege helsetenesta. Anders Rise ser for seg ei utvikling der verksemda også vil avlaste den interkommunale legevakttenesta. Rekvirering av ambulanse skjer via AMK-sentralen i Ålesund. Nybygget tener som base for ambulasepersonalet som er på vakt kvar dag frå kl 0800 til kl. 15.00. Responstida er avtalefesta til 2 min.. I tidsrommet kl. 1500 til kl. 0800 er det heimevakt.

Det interessante bedriftsbesøket vart avslutta med ei omvisning på bygget og den moderne ambulansen som stod parkert inne i garasjedelen av nybygget.

Mandag 13/10. Håkon Eidsvik -ego-foredrag.

Håkon Eidsvik var først ut av dei nye medlemmane til halde sitt obligatoriske ego-foredrag. Han fortalde laust og ledig og utan manuskript om seg sjølv. Han starta foredraget med å takke for at han fekk tilbod om å verte medlem i Rotary.

Håkon Eidsvik vart fødd på Elvaneset på indre Hareid. Foreldra er Arvid og Torbjørg Eidsvik Dei første barneåra brukte han mykje av tida i fjøra på indre Hareid. Hans første "yrkeserfaring" fekk han på "Mylna" allereide som 9-åring under Arthur Teigene si myndige leiing. Han fekk mellom anna i oppgåve å slakte høner Det var ikkje lett første gongen, men det vart også rutine etter kvart. Han syntest at Mylna var ein triveleg arbeidsplass sjølv om han fekk mykje kjeft av Artur. Han fortalde fleire humoristiske episoder frå livet inne på Mylnå, m.a. då han fekk i oppdrag å male Mylna båten og kjøpte feil farge. Då han hadde mala båten lysegrøn i staden for grå fekk han ein slik hudalause kjeft av Arthurur at han den dag i dag hugsar at den rette fargen skulle vere gråmaling nr 86...

Etter ungdomsskulen vart han tilsett som platearbeidar på Hjørungavåg Verkstad i 1977. Deretter gjekk han 1-år på yrkesskule i Ørsta på line for maskin og mekanikk.

Etter yrkesskulen stod militærtjenesta for tur. Han hamna fyrst i Vatneleiren i Sandnes (transporten). Siste delen av militærtjenesta tenestegjorde han ved NATO- hovedkvarteret på Kolsås i Oslo. Der likte han seg godt.

Etter endt militærtjeneste vart han tilsett som langtransport-sjåfør i verksemda til Gunnar Valle. Han køyrde mykje i utlandet og fortalde fleire muntre historier frå ei tid då ein ikkje tolka regelverket om mellom anna kviletid for sjåførane like strengt som i dag.

Etter ei tid fekk han tilbod om køyre betongelement for Jens Øvrelid. Han fortalde mellom anna om ei episode på Moldefjorden der vogntoget han køyrde velta med full last om bord i ferga. Til all lukke vart ingen skadde.

Så takka han ja til eit tilbod om å starte å køyre for Magnar Pilskog. Lasta var for det meste stål. Han likte godt langtransport-livet sjølv om det ofte vart lange dagar og lite

søvn. Køyre/kviletidsbestemmelsane vart ikkje så strengt handheva for 15-20 år sidan, som dei vert i dag..

I 1983 gifta han seg med Karianne f.Hegdal frå Aukra. Henne vart han kjend med da ho gjekk på folkehøgskulen i Ulsteinvik. Dei bygde seg hus i Gejlane i 1986 og i -87 fekk dei sonen Anders.

Då han fekk tilbod om jobb på Castor, (no-heitande BEAS) i slo han til. Der dreiv dei mellom anna med sandblåsing og priming av stål til skipsindustrien. Medan han var der tok han kran- og truckkøyrar bevis. Han slutta på Castor i 1990.

Same året fekk han tilbod frå John Stennes om å begynne i Stennes Maritime på Hareid. Det var ein stor overgang å gå frå produksjonsarbeid på Castor til kontorjobb i Stennes Maritime. Han fekk der vere med på den store ekspansjonen som skjedde i verksemda frå 4-5 tilsette til over 20 på det meste. Men etter at skrog- og stålarbeida på skipa på grunn av kostnadsutviklinga her i landet vart flytta til aust-Europa, fall mykje av marknaden vekk for verksemda på Hareid.

Då Stennes etablerte seg i Romania reiste han dit som inspektør saman med ein utvandra svenske. Han fortalde om dagliglivet og den store korupsjonen i Romania der han mellom anna også fekk høve til å besøke eit av dei prangande palassa til den avretta diktatoren Ceausesco. I tillegg til Romania var han også nokre turar til Polen.

Han fortalde også at han tok teknisk skule på kveldstid og at dei etter kvart også fekk borna Kristian(-89) og Elise(-98). Han fekk så tilbod om tilsetning som dagleg leiar i verksemda Djupvik Dreieverkstad i 1998. Verksemda som i dag har 10 tilsette driv med maskinering og dreining av produkt for det meste til skipsindustrien og skipsutstyrsindustrien. Dei bygde nytt industribygg i 1999 i Myrvåg. Verksemda hadde ei omsetning på ca 10mill i 2002.

Mandag 20/10. Otto Holstad fortel om ei reise til slektsstemne i Sør Afrika (Originalmanuskript)

På Nautøya i Herøy kommune budde familien Hagemann. Det var tre brødre. Nils, Elias og Laurits. Etter eit forlis i Skorpesundet, der far deira og tre andre kom bort, ville Elias finne seg eit anna yrke enn fiskaryrket.

Familien Hagemann hadde ein nær ven med navn Daniel Nilsen, som tidhare hadde budd på Remøya i Herøy, og som no var farmar i Sør Afrika. I 1883 tok Elias kontakt med Nilsen, som da kosta han til Sør Afrika. For reisekostnadane skulle han arbeide i to år for Nilsen.

Etter nokre år i Afrika kjøpte Elias seg eit jordstykke, og med mykje slit, bøn og gudstru, som det står i historia, rydda og dyrka han opp sin eigen farm, som han ga namnet Betany. Elias vart seinare gift med datter til Daniel Nilson. Dei fekk 12 barn saman. Plantasjen eller farmen vert no driven av tredje generasjon.

Hagemann, og driv i dag med sukkerdyrking og blomster. Farmen er på knapt 4000 mål. I 1922 reiste Hans, sønn til Nils elste broren til Elias, til Afrika. Hans dyrka også opp ein plantasje, som han ga namnet Vedderly. Etterkomarane til Elias, har sidan dyrka opp fleire plantasjer. Etter invitasjon frå desse slektningane var vi 13 personar som reiste frå Norge til Slektsstemne i Durban eller Natalprovinsen. Turen gjekk fra Gardemoen 25. juli 2003. Mellomlanda i Frankfurt, der vi skifta fly. Flyet frå Frankfurt til Johannesburg var eit jumbojetfly der vi var 450 menneske om bord. Flytida da var 10,5 timar. Skifta så fly i Johannesburg, for så å fly til Durban, der vi skulle bo. Med ventetida på flyplassane hadde det gått 24 timar sidan vi møtte opp på Gardemoen.

Første veka budde vi på Zinkwazistranda, ei fantastisk perle med kvite sandstrender. Her budde vi i små leiligheiter, og fekk frokost av vertskapet. Her kunne vi sitje ved basengkanten og spise i det fine veret. Vi hadde ein båttur på Zinkwazi elva. Nede ved munningen av elva hadde desse plantasjeigarane sine ferieboligar. Sjølv om det var vinter der nede, var det behageleg temperatur for ein nordboar. Rundt 25 - 28 grader, og naturen viste fram ei blomsterprakt som om det skulle vore ein norsk sommar. Klokken kvart på sju om kvelden vart det mørke natta, det var som å slå av ein brytar. Vi er no vande med mørketid her i No, men det er rart når sola skin frå skyfri himmel, for so plutselig å få ein so brå overgang.

Møte med Betani farm var ein stor oppleving. Sjølv bygningane ligg på eit høgdedrag. Vi vart her møtt av vertskapet første kvelden. Sjølv hovedhuset var vel 100 år gammalt og uforandra. Familia Hagemann var nær tilknytt misjonen og var truande folk. På farmen hadde dei bygtt si eiga kirke og

der var også gravplass for familien. Det Norske Misjon i Sør Afrika hadde ofte stemne på Betani. Veka etter at vi var reist, skulle dei ta mot ein delegasjon på 30 nordmenn fra misjonen.

Nils ein av gutane til Elias, var misjonær og på ein av plantasjeane anla han ein misjonsstasjon som heitte Entembeni. På denne stasjonen vart 300 misjonærbar oppvaksne, og her fekk dei sin skulegang. Som gravplassen på stasjonen viser, var her 24 graver uten navn, desse misjonærane ofra heile sitt liv for misjonen i Afrika, og fekk aldri sjå sitt heimland igjen. Dei fleste var unge menneske som døde av Malaria. Berre ei grav hadde gravstøtte og namn, det var O I. Høydalsvik frå Høydalen i Austefjorden, som berre vart 46 år. På same gravstøtte står også navnet på sonen, Softis, som berre vart 6 år gamal. Etter at Aparteid vart avvikla, vart alle skulane i Afrika nasjonaliserte, og misjonsstasjonen nedlagt. I dag vert plantasjen dreven av son til Nils, Leonell Hagemann.

Hans Hagemann som da var brorson til Elias kom til Afrika i byrjinga av 1920 åra, han rydda og dyrka opp Vedderly farm. Frå altanen på farmen kunne Hans skimte havet langt ute i horisonten. Dei fortalde at når heimlegsele vart for stor, kunne han sitte på altanen og sjå ut mot havet og drøyme om Nautøya og Norge.

Hans vart i unge år ramma av malaria. Han reiste da heim til Norge, og regna med at livet var slutt. Men etter at han fekk blodoverføring frå bror sin, fekk han ved eit under livet tilbake. Han reiste da attende til Afrika og forsette sitt arbeid der. Han fekk 4 barn. Dei fortell at før mor deira slepte barna ut om morgonen, tok ho haglegeveret, gjekk ut på trappa og skaut slangane som kunne henge i trea utanfor huset.

Den neste farmen heitte Mansjester, og var eigd av familien Desmond Hagemann. Desmond var jagarflygar under den andre verdenskrig, og deltok på dei allierte si side. Han lever i dag og er over 80 år gamal.

Det store slektsstevne varte i tre heile dagar til ende. Det starta med grillfest på ein av plantasjeane. Neste dag laurdag, var hovudstevne på Betani. Der møtte dei fram med norske flagg. Det åpna med gudstjeneste i kapellet på farmen, og kranespålegging på gravene til forfedrene sine. For å kunne romme den store slekta, som no talde bortimot 150 menneske, var det reist eit telt i hagen på Betani. Dei norske slektningane fekk her møte desse menneske som dei gjennom heile oppveksten hadde høyrte so myke om.

Møte med Hagemann slekta i Afrika var ei oppleving. Vi vart svært godt mottekne. Dei henta og bringa og viste ikkje kva godt dei kunne gjere for oss.

Etter slektsstevne, flytta vi frå Sinkvasistranda til ein forstad til Durban her fekk vi ein bustad som var i toppklasse, så her skulle vi ha base dei siste dagane.

Vi besøkte eit fort, som no gjorde teneste som museum. På same området var det ei norsk kirke. Her fortalde gaiden om ein norsk biskop med namn Skrøder. Ho fortalde at han var ein slik gris med seg sjølv, at ved første forsøk slapp han ikkje inn i Sør Afrika, han måtte vere med båten vidare til India, før han på retur slapp inn i landet.

Dette er eit freda tre og vert kalla Ultimatumtreet, her forhandla engelskmennene med dei innfødde Zulu-folket om overgivelse. Zuluane fekk her ultimatumet, og takka nei. Resultatet var Boarkrigen som varte i 10 år. Denne elva fekk namnet den røde flod fordi den gjekk raud av blod under krigen.

Familien viste oss Drakenberg, eit ferieparadis oppe i fjella. Her var store parkanlegg, golfbaner i hopetal. Som bileta viser var det mange rare fjellformasjonar.

Vi kunne ikkje reise frå Afrika utan å ha besøkt dei kjende dyreservata. Det vart nokk ei oppleving for livet. Vi budde på ei lita grend, der vi vart innkvarterte i stråhytte. Der var ein del utry som firfislere og om natta ver de ei flaggermus som heldt eit svare spektakkel. Vi fekk beskjed om å riste dynene før vi la oss, og undersøke skone når vi sto opp om morgonen, dette for å kontrollere om der var komne slanger i hus. Her skulle vi overnatte to netter. Dette bilete viser når Alfhild hiv ut den første ubudne gjesten, ho er ikkje skvetta av seg den kjella Vi hadde fleire turar ute i reservatet, der vi fekk møte dyra på nært hold.

Når vi var ute på desse turane, hadde vi alltid med ein væpnar for sikkerhets skuld.

Det som toppen var å få sjå dei bigge feiv, altså dei 5 store. Det var Bøffel, Nasehorn, Elefant, Leopard og Løve. Vi fekk sjå alle unntatt Løva.

Etter besøket i dyreservatet, besøkte vi ein Sululansby her ville dei vise fram livet i ein slik landsby. Dette hadde blitt reine turistattraksjonen, og bigg business.

I Durban hadde også eg ein slektning. Han besøkte oss mykje og vi besøkte han. Tor Elling Brandal som han heiter er syskjenebarnet mitt og stamma fra Brandal Han er gift med ei tailansk dame, og har blitt fleire år i Thailand, før han no skulle vere dei siste åra før pensjonistalderen i Sør Afrika. Han er supercargo i eit Uglandrederi som heiter Gerbulk. Dei skipa ut sukker, ferdige aluminiumsprodukter papirmasse, og ferdige papirprodukter, som avisepapir, skrivepapir etc. Siste dagen vi var der var vi på omvisning og handletur i lag.

Det var ikkje vanskeleg å finne plassar å handle, der var kjøpesenter som var so store at det var vanskeleg å nå gjennom alt. Var litt skeptisk når han tok oss med ned på desse basarane nede ved hamna, for kriminaliteten var svært stor.

Sørafrikanarane har importert Aukalyptustreet, det har eine fantastisk vekst, så dei kan hauste eller høgge det etter berre 4 år, alt etter bruksområde.

Dei var ineen eg spurde, som ante kor mange innbyggjarar der var i Durban. Dei fortalde at 60000 menneske kom til området kvar måne. Så her vaks gettoane opp som paddehattar, og arbeidsløysa var over 40%.

Mandag 27/10

Møtet denne siste måndagen i månaden var i utgangspunktet programfritt, men presidenten nytta høvet til å referere litt frå eit foredrag som Kåre Willoc heldt på distriktskonferansen i Rotary. Temaet for foredraget var etikk i arbeidslivet.

Willoc var mellom anna sterkt kritisk til grådige arbeidsgivarar/leiarar som predikerte måtehald for arbeidstakerane medan dei sjølve bevilga seg høge lønstillegg, bonusar, opsjonar mm. Grådige leiarar meinte han var eit av kapitalismens største uløyste etiske problem. Han meinte også at eit skattesystem der arbeidsinntekt vart skatta hardare enn mellom anna finasinntekter var uetisk.

Willoc meinte at det var eit stort behov for å heve den generelle etiske standarden innan næringslivet. Han etterlyste også betre internasjonale etiske køyrereglar for kapitalismen. Han understreka også kor viktig pressa si rolle er som vaktbikkje for å avdekke kritikkverdige forhold i næringslivet.

Heilt til slutt bad John Stennes om ordet for å referere frå e-post han hadde fått frå Asuza (utvekslingsstudenten frå Japan). Ho skreiv at ho tenkte på Hareid og det fine opphaldet sitt her kvar dag. Ho var redd for å gløyme norsk-kunnskapane sine og vart glad då ho fekk høve til å snakke norsk med ein kjenning av Arild og Margrete Husøy som ho traff i Japan. Ho ville helse til alle rotaryanarane på Hareid, og John fortalde at ho skreiv e-posten på godt forståeleg norsk..